



Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:

Dykkar: 3ee22ff3-56a6-4098-aeaa-  
d55dc441a358

Vår: 20/106 - 22/19009

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

07.03.2022

## **Oversending avsaksutgreiing til søknad om konsesjon - gbnr 129/8 i Austrheim**

*Vedlagt ligg framlegg til saksutgreiing. Ved ein inkurie har ikkje søknaden som vart sendt inn 22.11.2019 til Radøy kommune vorte behandla. Me seier oss leie for dette.*

*Det er i vedlegg til søknaden stilt spørsmål om bygging av landbruksveg. Denne saka tek berre stilling til kven som skal eige eigedomen. Dersom det er framleis er ynskjeleg å bygga ein landbruksveg må det søkjast om.*

### **SAKSUTGREIING:**

**VEDTAK:** Austrheim kommune gjev sambuarparet Diana Haugsdal og Jack Sæthre konsesjon for kjøp av eigedomen GBNR 129/8. Det vert sett som vilkår av eigedomen vert slått saman med søkjarane sin eigedom gbnr 129/10. Vedtaket har heimel i § 1 og 9 i konsesjonslova.

Vedtaket vert matrikkelført i kommunen og søkjarane vil få beskjed pr mail når dette er gjort. Då er det klart for å sende skøytet til Kartverket for tinglysing.

### **Saka gjeld :**

Sambuarparet Diana Haugsdal og Jack Sæthre søkjer konsesjon for kjøp av gbnr 129/8 som tilleggsjord til eigedomen sin gbnr 129/10. Formålet med kjøpet er juletreproduksjon. Selgar er Walde Hus AS. Kjøpesummen er kr 25.000,- Eigedomen gbnr 129/8.

### **Planstatus**

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Storparten av den 15 dekar store eigedomen er avsett til LNF formål i Austrheim kommune sin kommuneplan 2019 – 2029, eit mindre areal er avsett til spreidd busetting.

### **Areal**

Eigedomen er i gardskart registrert med 13,1 daa innmarksbeite og 1 daa produktiv skog, 0,8 daa er anna areal. Sum 14,9. Det er ikkje bygg på eigedomen. Men det er ein pumpestasjon for avløp og ein veg som vert nytta som tilkomstveg til eigedomane gbnr 129/43 og gbnr 129/63. Eigedomen gbnr 129/55 nyttar også vegen eit kort strekke.

### **VURDERING:**

Administrasjonen har vurdert søknaden i høve til konsesjonslova § 1, 9 og rundskriv Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

*«Konsesjonslova har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforholds om er mest gagnlige for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå landbruksnæringa, ei samfunnsmessige forsvarleg prisutvikling når det gjeld fast eigedom, og omsynet til busetjinga»*

Etter konsesjonslova § 9 skal det ved avgjersle av søknad om konsesjon for overtaking av eigedom som skal nyttast til landbruksføremål, leggjast særleg vekt på fylgjande punkt til fordel for søkjar:

1. *Om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling*  
Kommunen har vurdert den avtala prisen og har ingen merknader til denne.

2. *Om overtakars føremål vil ivareta omsynet til busetjing i område*  
Eigedomen er konsesjonspliktig fordi den er over 2 dekar og ubebygd. Den har mindre enn 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord, og er difor ein eigedom som ikkje har lovbestemt buplik, og det vert difor i tråd med gjeldande forvaltningspraksis ikkje sett vilkår om buplikt. Søkjarane bur i nærleiken og arealet skal leggjast til deira eigedom.

3. *Om overtaking medfører ei driftsmessig god løysing*  
Eigedomen grensar til søkjarane sin eigedom og er godt eigna til å driva saman. Det vil difor gje ei driftsmessig god løysing at det vert gitt konsesjon.

4. *Om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen*  
Søkjarane eig frå før nabobruket og vert vurdert som skikka til å driva eigedomen.

5. *Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet*  
Eigedomen har lagt brakk lenge og det som har vore registrert som innmarksbeite ser ikkje ut til å lenger fylla krava til dette markslaget p.g.a. attgroing. Det vil vera positivt at arealet kan verta tatt i bruk att.

*Konklusjon:*

Administrasjonen meiner at å gje konsesjon til søkjarane i denne saka stettar formålet i konsesjonslova og dei punkt som spesielt vedkjem landbrukseigedomar. Søkjarane får konsesjon for overtaking av gbnr 129/8.

Regelverk

- Konsesjonslova
- Rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Med helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Austrheim kommune

Sætremarka 2 5943

AUSTRHEIM